



To nøkkelpersonar i Festidalen i arbeid på Gamleskulen: Bjørn Olav Tveit og Åsmund Lilleaas

Styret i Kvinnherad Frivilligsentral har utpeika Festidalen til årets frivillingprisvinnar i Kvinnherad, Det heiter i grunngevinga at dei har gjennomført eit kjempeløft og sett Kvinnherad på kartet med ein skikkeleg hipp bygdefestival med både store, kjente band og nye, spennande artistar.

Bak suksessen står ei gruppe menneske som brukar mykje fritid på å lage ei tilstelling som gjev mange glede.

Dette er eit stort og imponerande dugnadsarbeid, held styret fram. Festidalen er flinke til å knyta til seg frivillige av alle slag og er på denne

måten med på å framja det frivillige arbeidet i kommunen.
Mange har ein del av og æra for prisen.

Etter kvart har arrangementet vorte noko fleire aldersgrupper har glede av. Tilbodet er utvida til å omfatta born og unge med Festidagen som har breidt utval av kjekke aktivitetar, alt frå å laga fabeldyr, musikkverkstad, hiphop, street art og mykje meir.

Dei byr og på festivalkro med kjente og høgt kvalifiserte føredragshaldaraar samt eige næringslivsseminar og dessuten stila dei høgt med Festifjeller som diverre vart sabotert av vergudane, Utanom denne eine store festivalen om sommaren arrangerer dei også konsertar og frivilligtreff gjennom året.